



Kaland Trelast AS
Keilevegen 45
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4655 - 14/27382

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
10.12.2014

Mellombels bruksløyve - bustad på gbnr 102/130 Vabø.

Administrativt vedtak. Saknr: 389/14

Tiltakshavar: Stian Wergeland
Ansvarleg søkjar: Kaland Trelast AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Saksopplysningar

Det er søkt om ferdigattest for bustad på gbnr 102/130, jf søknad mottatt 05.12.2014.

Ansvarleg har erklært at tiltaket er ferdigstilt og gjennom dette stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 15.11.2013. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Vurdering

Vilkåret i byggjeløyvet vedkomande dokumentasjon av drikkevassforsyninga er ikkje oppfylt. Kommunen har vore i dialog med ansvarleg søkjar/tiltakshavar vedkomande dette, jf skriv datert 08.12.2014. Som grunnsett i nemnde skriv finn kommunen at det i dette tilfelle kan gjevast mellombels bruksløyve for heile tiltaket på vilkår av at drikkevassforsyninga vert dokumentert før ferdigattest vert gjeve, jf pbl § 21-10.

Frist for innsending av ferdigattest vert sett til 01.06.2015.

Skildring

Adresse:	Ørnetua 130
Bygningstiltak:	Oppføring av bustad
Bygningsnummer:	300 474 579
Bruksareal:	249 m ²
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Privat fellesanlegg



Tal på røykløp:	1
-----------------	---

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for bustad på gbnr 102/130 på følgjande vilkår:

1. Det skal dokumenterast at drikkevassforsyninga er hygienisk trygg og at det er tilstrekkeleg kapasitet til både drikkevassforsyning og brannsløkking før det vert gjeve ferdigattest.
2. Ferdigattest skal liggja føre innan 01.06.2015.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4655.

GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.8	Mellombels bruksløyve	1	Kr 2 800,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 2 800,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

NGIR

Stian Wergeland

Grønfjellia 46

5955

LINDÅS

Mottakarar:

Kaland Trelast AS
Teknisk drift

Keilevegen 45

5953

FONNES